



Jan Ivar Johannessen
Sandvikavegen 156
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2235 - 17/25786

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr.203/1 Fyllingen. Avslag.

Dokumenter:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag og kart. Dokumentene er motteke 03.06.2016.

Søknaden:

Søknaden kom inn i 2016. men dette året var det for mange søknadar til at dei kunne handsamast innanfor dei løyvda midlane. Nokre søknadar vart difor liggande til 2017. Søknaden er no teken fram att. Ein seier seg lei for at det har teke lang tid å fatte avgjerd i denne saka

Det vert søkt om tilskot til å gjerde og rydde utmark til beitemark for dyr. Føremålet er å utvide beitetlandskapet for dyra på garden.

Tiltaket er kostnadsrekna til netto kr.57400,-. Søker har og rekna moms inn i overslaget, men moms er ikkje godkjendt som grunnlag for tilskot.

Det vert søkt om tilskot til å dekke heile kostnaden. I alt vert det søkt om kr.71750,- i tilskot.

Vurdering:

Området som skal gjerdast inn er skogsmark. Gardskartet syner i hovudsak er skogsmark av høg og middels bonitet med innslag av område med uproduktiv skog. Eldre kart syner same areklassane.

Denne typen areal kan ikkje klassifiserast som gammal kulturmark. Det er rydding og gjerding av gammal kulturmark som har rett på tilskot frå SMIL. Gammal kulturmark er område der det før har vore beite eller slåttemark, men som no treng å bli sett i stand for å kunne nyttast til førmålet. Beiteskog er ein type mark som kan få tilskot, men det er ikkje registrert beiteskog i området. Kommunen må konkludere med at tiltaket ikkje har rett på tilskot.

Vedtak:

Med heimel i forskrift om tilskot til SMIL §8 og gjeldande kommunal strategi for bruk av SMIL-midlar, vert det ikkje gjeve tilskot til rydding og gjerde av utmark, slik det er søkt om.

Grunngjeving for avslaget går fram av vurderinga ovanfor.

Klage:



Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §§28 og 29. Søker kan difor klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om avjerda. Klagen sendes kommunen, men det er fylkasmannen som er klageinstans.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Ivar Johannessen

Sandvikavegen 5915
156

HJELMÅS